

Søknad om reduksjon i foreldrebetaling - SFO

Lovheimel

Den nasjonale ordninga for reduksjon i foreldrebetaling i SFO er regulert i [Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova, kapittel 1B. Skolefritidsordninga](#). Endringa blir sette i verk 1. august 2020.

Grunnlag for redusert foreldrebetaling

§ 1B-1. Reduksjon i foreldrebetalinga for elevar på 1. og 2. årstrinn

Kommunen skal etter søknad gi reduksjon i foreldrebetalinga for skolefritidsordninga på 1. og 2. årstrinn slik at den per elev utgjer maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom:

- a) foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året, eller*
- b) det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.*

Betaling for kost kan komme i tillegg.

Informasjon og sakshandsaming

1. Ordninga med redusert foreldrebetaling er søknadsbasert, og det kan søkjast for eitt skuleår om gongen til kommunen der barnet er folkeregistrert.
2. Søknadsskjema og informasjon om redusert betaling ligg på kommunen si heimeside.
3. Rektor på skulen der barnet søkjer SFO-plass skal gje foreldre rettleiing om søknadsprosess.
4. Søknad om redusert betaling skal sendast til den skulen der det vert søkt om plass i skulefritidsordninga.
5. Rektor for skulen der det vert søkt om plass i skulefritidsordninga er sakshandsamar, og gjer vedtak på vegner av kommunedirektør. Sakshandsaming/klagerett i tråd med krav i Forvaltningslova §27.

Søkjjar har rett til innsyn i dokumenta.

§ 1B-2. Søknadsbehandlinga til kommunen i saker om reduksjon av foreldrebetaling

Kommunen kan, utan hinder av teieplikta, innhente grunnlaget for siste fastsetjing av formues- og inntektsskatt for hushaldet frå skattestyresmaktene for å dokumentere inntektene til hushaldet for det siste året, jf. skatteforvaltningsforskriften § 3-3-1 andre ledd bokstav a. Kommunen kan innhente slike opplysningar og gjere nye vedtak om redusert foreldrebetaling i heile den tida søknaden gjeld.

Med hushald meiner ein i dette kapittelet ektefellar, registrerte partnerar og sambuarar. Som sambuarar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Dersom søkjjar er sambuar utan felles barn, må søkjjar opplyse kommunen om dette.

Med inntektene til hushaldet meiner ein i dette kapittelet hushaldet si samla brutto personinntekt etter skattelova kapittel 12 og skattepliktige kapitalinntekt.

Dersom foreldra til barnet bur kvar for seg, og barnet bur fast hos begge foreldra, er det inntekta til hushaldet til den forelderen som har same folkeregistrerte adresse som barnet, som skal leggjast til grunn i vurderingane etter denne føresegna.

Dersom grunnlaget for siste fastsetjing av formues- og inntektsskatt for hushaldet ikkje kan utleverast av skattestyresmaktene, og kommunen av den grunn ikkje klarer å fatte vedtak før 1. august, skal kommunen be søkjjar om å levere skattemeldinga for det siste året og eventuell skattepliktig kapital- eller personinntekt som ikkje er førehandsutfyllt.

Søknadsfrist

Då ordninga er ny i 2020 vil ikkje kommunen i år vera i stand til å handsama alle søknader innan 1. august. Søknader som er mottatt innan utgangen av august 2020 vil ha verknad frå 1. august.

For søknader som kjem seinare enn august 2020, vil vedtaket gjelda frå første heile månad etter søknad er mottatt og ut skuleåret.

Søknad om reduksjon i foreldrebetaling – SFO

Søknadsskjema kan fyllast ut elektronisk.

Konfidensielt

Del 1 Sjølvmelding(ar) frå siste år skal leggjast ved søknaden.	Føresett (der barnet er folkeregistrert)			
	Personnr. 11. siffer	Førenamn		Etternamn
	Adresse		Postnr.	Poststad
	Telefon		Epost	
	Sivilstatus			
	Gift/sambuar/registrert partner <input type="checkbox"/> (NB! Sambuar må førast uansett foreldreansvar)			Einsleg <input type="checkbox"/>
	Tal på medlem i hushaldet: _____ vaksne _____ barn			
	Barn – som søker plass i skulefritidsordning			
	Fødselsdato/år	Førenamn		Etternamn
	Har plass i SFO ved (namn på skule): _____			
Har berre morgonplass <input type="checkbox"/>		Har inntil 9 timar/veke <input type="checkbox"/>	Har inntil 16 timar/veke <input type="checkbox"/>	Har 100% plass <input type="checkbox"/>
Del 2 Ved store avvik frå sjølvmelding/manglande sjølvmelding.	Opplysningar om økonomi ¹ for hushaldet ²			
	Ved store avvik frå siste sjølvmelding eller søker ikkje har sjølvmelding. Opplysningar må dokumenterast. *Sjå rettleiing s. 2			
		Føresett	Ektefelle/sambuar	
	Lønsinntekter pr. år *	Kr.	Kr.	
	Pensjonsgjevande inntekt sjølvstendig næringsdrivande	Kr.	Kr.	
	Ytringar frå NAV*	Kr.	Kr.	
	Kapitalinntekter:	Kr.	Kr.	
Andre inntekter*	Kr.	Kr.		
Brutto inntekt	Kr.	Kr.		

¹ Med økonomi meiner ein samla brutto personinntekt og skattepliktig kapitalinntekt.

² Med **hushald** meiner ein ektefellar, registrerte partnarar og sambuarar. Som sambuarar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Dersom søker er sambuar utan felles barn, må søker opplyse kommunen om dette.

Med **inntektene til hushaldet** meiner ein i dette kapittelet hushaldet si samla brutto personinntekt etter skattelova kapittel 12 og skattepliktige kapitalinntekt.

Dersom foreldra til barnet bur kvar for seg, og barnet bur fast hos begge foreldra, er det inntekta til hushaldet til den forelderen som har same folkeregistrerte adresse som barnet, som skal leggjast til grunn i vurderingane etter denne føresega.

*Legg ved dokumentasjon – sjå rettleiinga side 2.

Legg ved: Skatteoppgjeret, dersom dette er mottatt. Viss ikkje skatteoppgjeret er mottatt, skal siste års sjølvmelding leverast som dokumentasjon.

Om ikkje inntekta samsvarer med fjorårets inntekt på sjølvmeldinga kan anna dokumentasjon for inntekt bli godtatt, i tillegg til sjølvmeldinga.

Redusert foreldrebetaling SFO vil først gjelde månaden etter at søknaden er innvilga. Det vert ikkje gitt reduksjon i foreldrebetalinga med tilbakeverkande kraft.

Eg bekreftar at opplysningane er korrekte og fullstendige. Eg er innforstått med at feilaktige eller manglande opplysningar vil medføre full pris og ev. krav om etterbetaling. Eg plikter å informere kommunen om endringar i bruttoinntekt eller sivilstatus. Eg samtykker i at kommunen kan kontrollere oppgitte opplysningar om mine forhold knytt til inntekt og formue hos Nav, skatte- og avgiftsmyndighetene.

 dato

 stad

 underskrift

Rettleiing: Søknad om reduksjon i foreldrebetaling

Søknaden gjeld for eitt skuleår om gongen ved søknad innan 1. august. Ved søknad etter 1. august gjeld vedtaket frå første heile månad etter søknadstidspunktet og ut skuleåret.

Føresetnader for reduksjon i foreldrebetalinga

- Barnet må vera folkeregistrert i Bømlo kommune.
- Betaling for plass i skulefritidsordninga utgjer meir enn seks prosent av hushaldet si samla brutto personinntekt og skattepliktig kapitalinntekt.

Inntekter må dokumenterast

Siste skattemelding for hushaldet må leggjast ved søknaden. Dersom hushaldet har eit betydeleg og varig avvik i inntekt frå føregåande år, må du legge ved dokumentasjon for avviket.

Søklar har ansvar for å leggja fram dokumentasjon i samband med søknad. Skattefrie overføringar som barnebidrag, kontantstønad, barnetrygd m.m. skal ikkje inkluderast i inntektsgrunnlaget.

- Skatteoppgjeret for siste år skal leggjast ved dersom skatteoppgjeret er mottatt. Viss ikkje skal sjølvmeldinga for siste år leggjast ved.

Dersom nokon har inntekter som ikkje er førehandsutfylt i post 1.6, 1.7, 2.1, 2.2, 2.4, 2.8, 3.1 så er søkjer forplikta til å opplysa om dette i søknaden.

1.6 Beregnet personinntekt fra foretak

1.7 Beregnet personinntekt fra foretak

2.1 Lønn og tilsvarende ytelser

2.2 Pensjoner, livrenter i arbeidsforhold mv.

2.4 Barns lønnsinntekt

2.8 Inntekt av bolig og annen fast eiendom

3.1 Kapitalinntekter og andre inntekter

- Del 2 i skjemaet må fyllast ut når:
 - Det er store endringar i hushaldet si inntekt og opplysningane i sjølvmeldinga er endra. Årsak kan vera langtidsarbeidsløyse, samlivsbrot, giftemål, endring/ny jobb og liknande.
- Alle summar i del 2 av skjemaet må dokumenterast. Aktuell dokumentasjon, ikkje eldre enn 1 månad:
 - Ytingar frå NAV som er skattepliktig
 - Dersom det er endringar frå skatteoppgjer/sjølvmelding når det gjeld tilsetjingsforhold/jobb må arbeidstakarar få stadfesting frå arbeidsgivar om tilsetjingsforhold (stillingsstorleik, fast/midlertidig, løn pr. år)
 - Sjølvstendig næringsdrivande: stadfesting frå rekneskapsførar/revisor på venta inntekt
 - Arbeidsledige: stadfesting frå NAV om utbetaling og tidsrom for utbetaling
 - Studentar: kopi av studentbevis – stadfesting studieplass
 - Ev. annan relevant dokumentasjon (legg ved dokumentasjon)

Person- og kapitalinntekter, jf. del 2 i skjemaet* (må dokumenterast)

- **Ytingar frå NAV som er skattepliktig**, t.d.: Sjukepengar eller arbeidsavklaringspengar, uføretrygd, dagpengar, stønad som einsleg forsørger, etterlattepensjon
- **Kapitalinntekter**, t.d.: Renteinntekter, fonds- og aksjeutbyte, gevinst ved sal av eigedom og lausøre
- **Andre inntekter**, t.d.: Bustønad, leigeinntekter

Iverksetjing

Vedtaket har ikkje tilbakeverkande kraft.

Iverksetjing er frå første heile månad etter søknadstidspunktet og ut skuleåret. Er søknad kommen skulen i hende innan 1. august, vil vedtaket gjelda for heile skuleåret. For 2020 vil følgjande gjelda: Søknad som er kommen skulen i hende innan 31. august, vil vedtaket gjelda for heile skuleåret.

Det må søkjast på ny for neste skuleår.

Dersom inntekstdokumentasjon manglar, vil søknaden ikkje bli handsama før slik dokumentasjon er mottatt, og derfor vil ordinær betalingssats i SFO bli nytta sjølv om søknad er sendt inn.

Vurdering

Sakshandsaming/klagerett er i tråd med krav i Forvaltningslova §27. Bømlo kommune er klageinstans. Bømlo kommune som skulemynde gjer ei skjønsvurdering av fastsetjing av foreldrebetaling. Vedtak vert gjort for gjeldande skuleår.

Endringar i person- og kapitalinntekter etter at vedtaket er fatta

Alle hushald med vedtak om reduksjon i foreldrebetaling pliktar å melda frå om endringar i den økonomiske situasjonen.

Endringar i hushaldet si samansetjing i løpet av året skal handsamast på lik linje som vesentlege endringar i inntekt i løpet av året. Dette gjeld i hovudsak om nokon varig flyttar ut av hushaldet, og det potensielt er vesentleg lågare samla inntekt i hushaldet, skal dette meldast til kommunen og dokumentasjon på samla inntekt i hushaldet må sendast inn. Dersom nokon giftar seg eller vert registrert partnar skal det også meldast frå til kommunen og sendast inn dokumentasjon på samla inntekt i hushaldet.

Endringar kan ha konsekvensar for vedtaket.

Dersom ein unnlate å opplyse om endringar i sivilstand, endringar i hushaldet, endringar i økonomi eller anna som er omtala i forskrifta, kan kommunen krevja endring i foreldrebetalinga med tilbakeverkande kraft.